



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 30.01.2018 kl. 15:15-18:05

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar	
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar	
Aud Eldrid Frøholm	Medlem	
Terje Mork	Medlem	(Ikkje til stades i sak FR 2018/6)
Ingvild Loftheim	Medlem	
Halldis Rørvik	Medlem	
Leif Jørgen Leknes	Medlem	
Stein Hugo Fykse	Medlem	
Arne Fedøy	Medlem	
Else Stølen	Medlem	
Karen Anny Espedal	Varamedlem	

Forfall:

Harriett Norstrand	Medlem
Anne Grethe Lien	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2018/1		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2018/2		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 12.12.2017	RUNE ZIENER
SR 2018/3		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
SR 2018/4		Møteplan 1. halvår 2018	RUNE ZIENER
SR 2018/5		Holmedal kyrkje. 150-årsjubileum.	RUNE ZIENER
FR 2018/6		Budsjett 2018 (investering og drift)	RUNE ZIENER

Askvoll, 30.01.2018

Rune Ziener
referent

SR 2018/1 Godkjenning av innkalling og dagsorden

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

SR 2018/2 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 12.12.2017

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 12.12.2017 som den ligg føre.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 12.12.2017 som den ligg føre.

SR 2018/3 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

- M 2018/01 Status på investeringsprosjekta frå 2017
- M 2018/02 Rullestoltilkomst til Holmedal kyrkje (drøfting)
- M 2018/03 Kyrkjelydspedagogstillinga. Vegen vidare (drøfting)
- M 2018/04 Årsstatistikk 2017
- M 2018/05 Parkeringsplass, Vilnes. Nytt alternativ.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, men med slike presiseringar:
M 2018/02 Ein har synfaring ved Holmedal kyrkje for å sjå på moglege løysingar for rullestoltilkomst.
M 2018/03 Ein føretek ny utlysing på kyrkjelydspedagogstillinga.
M 2018/05 Ein arbeider vidare ut frå siste passeringsforslaget for parkeringsplass for Vilnes.

SR 2018/4 Møteplan 1. halvår 2018

UTGREIING

Forslag til møteplan 1. halvår 2018:

Tysdag 30. januar (vedtak av budsjett 2018)

Tysdag 20. februar (vedtak av årsrekneskap og årsmelding 2017, frist 1. mars. Kan vi få ferdig investeringsprosjektplanar til dette møtet?)

Tysdag 3. april (revisjonsmelding skal ligge føre innan 1. april)

Tysdag 12. juni (vedta offerliste 2. halvår 2018)

Forslag til datoar for årsmøte 2018:

Ein kan og vedta ein dato for det årlege soknemøtet/kyrkjelydens årsmøte. Ein bør vente til april med dette, i og med at fristen for revisjon av verksemda sin årsrekneskap er sett til 1. april. Ein bør kanskje óg vurdere å legge dette møtet til Kvammen kapell, slik at fleire kan få høve til å sjå Kvammen kapell etter rehabiliteringsprosjekta er avslutta.

Soknemøte etter gudstenesta i Kvammen kapell 22. april kl 1900 eller alternativt etter gudstenesta i Askvoll kyrkje 15. april kl 1100.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek møteplan for 1. halvår 2018 som den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. Soknemøte vert sett opp i Kvammen kapell 22. april, etter gudstenesta kl 19:00.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek møteplan for 1. halvår 2018 som den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. Soknemøte vert sett opp i Kvammen kapell 22. april, etter gudstenesta kl 19:00.

SR 2018/5 Holmedal kyrkje. 150-årsjubileum.

UTGREIING

24. november 2018 er det 150 år sidan Holmedal kyrkje vart vigsla. Askvoll sokneråd bør ha ei eller fleire jubileumsmarkeringar dette året.

Det finst ikkje nokon mal for slike markeringar, men det er vanleg at tidlegare prestar, prost og gjerne biskop vert invitert, og at ein i det minste har ei jubileumsgudsteneste til hovudmarkeringa.

Ofte har ein eller annan form for «kyrkjemiddag» i samband med slike jubileum. Nokre stader vert det utgjeve jubileumsskrift, eller arrangert konsertar, historiske spel eller andre framsyningar, m.v.

Det er viktig å skaffe seg eit oversyn over kva ressursar ein har å spele på i nærmiljøet (skular, barnehagar, historielag, bygdelaug, m.v.), for at jubileet vert gjennomført på ein overkommeleg måte for arrangørane.

Jubileumskomité

Kanskje er det ikkje naturleg at heile soknerådet arbeider i detalj med planlegginga, men at dette kan vere ei gruppe personar med lokal tilknytning kyrkja, t.d. at kyrkjelydsutvalet i Holmedal vert utfordra til særleg ansvar for dette?

Budsjett

Det bør opprettast ein eigen budsjettpost for jubileet etter kvart som innhaldet finn ei form.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd oppmodar kyrkjelydsutvalet i Holmedal, gjerne supplert med andre aktuelle personar, om å utgjere jubileumskomité for 150-årsjubileet for kyrkja.

MØTEHANDSAMING

Forslag sett fram i møtet av Jostein Gryte om nytt punkt 2 og 3:

2. Administrasjonen set i gang med å førebu restaureringsarbeidet av Holmedal kyrkje, så dette kan utførast snarast råd.
3. I påvente av ferdigstilling av restaurasjonsarbeidet vert jubileet utsett.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd oppmodar kyrkjelydsutvalet i Holmedal, gjerne supplert med andre aktuelle personar, om å utgjere jubileumskomité for 150-årsjubileet for kyrkja.
2. Administrasjonen set i gang med å førebu restaureringsarbeidet av Holmedal kyrkje, så dette kan utførast snarast råd.
3. I påvente av ferdigstilling av restaurasjonsarbeidet vert jubileet utsett.

FR 2018/6 Budsjett 2018 (investering og drift)

UTGREIING

DEL 1: Investeringar Askvoll sokn – 2018

I kommunen sitt budsjettvedtak ligg inne alle dei tre prosjekta soknet søkte om i sin økonomiplan 2018, med ei samla løyving på kr 2.420.000,- med slik fordeling:

Investeringar 2018 (tal ekskl. MVA).

PROSJEKT	2018
Vilnes kyrkje – aut. slokkeanlegg og påbygg på sakristi	<u>2.000.000</u>
Finansiering, Askvoll kommune	-2.000.000
Holmedal kyrkje –HC-tilkomst ved hovudinngang	<u>150.000</u>
Finansiering, Askvoll kommune	-120.000
Fondsfinansiering	- 30.000
Maskinpark – minilastar og ny plentraktor	<u>300.000</u>
Finansiering, Askvoll kommune	-300.000

I tillegg er her ført opp igjen til ny realisering i 2018, utviding av parkeringsplassen ved Vilnes kyrkje, som ein ikkje fekk starta opp i 2017 som planlagt. Soknet har fått kr 434.000,- i invsteringstilskot i 2017 til prosjektet, og det er forutsett i forslaget at desse midlane vert avsett til ubunde kapitalfond i samband med rekneskapsvedtak for 2017.

Parkeringsplass – Vilnes kyrkje	<u>-434.000</u>
Fondsfinansiering	-434.000

For invsteringsprosjekta som er ført opp til realisering i 2018, er det ingen av disse der det ligg føre konkrete prosjektplanar eller kostnadskalkyler. Dette vil ein måtte komme tilbake til i seinare vedtak.

PROSJEKTOMTALAR

2018

Vilnes kyrkje – automatisk slokkeanlegg og ombygging av tilbygg

Vilnes kyrkje står i ei særstilling i distriktet sett ut frå antikvariske omsyn. Det er derfor viktig å sikre bygget mellom anna mot brann. Pr. i dag er det ikkje tilfredsstillande brannsikring av Vilnes kyrkje, og det er heller ikkje tilfredsstillande tilgang til slökkemidlar.

Det er tilrådd frå brannteknisk rådgjevar at det vert installert eit automatisk slokkeanlegg (vanntåkeanlegg) i kyrkja.

Under prosjekteringsarbeidet for slokkeanlegg vart det påvist at vanntilførselen inn til kyrkja ikkje er tilstrekkeleg for automatisk slokkeanlegg, og det er i dag heller ikkje tilstrekkeleg plass til teknisk løysing utan at ein misser nødvendig bruksareal.

Soknerådet har no under utarbeiding arkitektskisser for ombygging av tilbygget ved kyrkje, slik at dette vert eigna som teknisk rom til slokkeanlegget, samt at toalettdelen med utedo vert tilpassa dagens krav. Kostnadsestimat for slokkeanlegg er i underkant av kr 1 mill.

Holmedal kyrkje – HC-tilkomst ved hovudinngang

Det er heller tilfredsstillande tilkomst til kyrkjerommet for rullestolbrukarar m.v. Korkje hovudinngang eller sideinngangar har trappefri tilkomst. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna.

Minilastar og ny plenetraktor

Soknet har ikkje eigna maskin til å transportere t.d. jordmassar og gravminne inne på gravplassane. I dag skjer dette med handemakt, noko som er tidkrevjande og fysisk tungt arbeid. Med ein minilastar vil slikt arbeid vere effektiviserande.

I slåttesesongen 2017 vart den eldste av plenetraktorane soknet eig kondemnert pga. havarert motor. Ifølgje verkstaden vil det ikkje svare seg å bytte ut motoren, og det bør kjøpast inn ein ny klippar.

DEL 2: Drift

I forhold til soknet sitt økonomiplanvedtak, er det gjort nokre endringar i budsjettforslaget for 2018:

1. Ekstra vedlikehaldsinnsats på Holmedal kyrkje er teke ut

I økonomiplanvedtaket la ein inn behov for kr 500.000,- i ekstra vedlikehaldsinnsats på Holmedal kyrkje – utskifting av kledning og overflatebehandling, ettersom noko av kledningen på Holmedal kyrkje har råteskader og bør skiftast ut, særleg gjeld dette ved inngangspartiet. Vidare framstår bygningen som dels malingsslitt og bør malast opp igjen. Særleg ved tårnpartiet er kyrkja malingsslite. Holmedal kyrkje har 150-årsjubileum i 2018, og til denne markeringa burde kyrkja få eit løft utvendig.

Dette fekk ein ikkje gjennomslag for i kommunen sitt budsjett, så dette tiltaket er teke ut av budsjettet.

2. Nye tiltak i vedlikehalds- og utviklingsplanen

Ein har sett behov for fleire vedlikehalds- og utviklingstiltak, enn det som låg i økonomiplanvedtaket (sjå pkt. 1.1.2 nedanfor). Tiltaka har ein estimert kostnad på kr 30.000,- som er føreslege inndekka ved bruk av fondsmidlar.

3. Feil i oppstilling av stillingsprosent i økonomiplanen

Sekretærstillinga ved kyrkjekontoret låg inne med feil stillingsprosent. Lønnskostnader for

ein 10% stillingsdel kjem derfor i tillegg til det som var forutsett i økonomiplanen. Tilleggskostnaden her er lagt inn som overføring frå det statlege trusopplæringstilskotet med kr 57.000,- (då sekretæren har langt fleire oppgåver knytt til administrasjon av trusopplæringa, så lenge pedagogstillinga er vakant).

4. Bruk av fond

For å balansere budsjettet har ein i forslaget i tillegg til bruk av dei kr 30.000,- for nye VU-tiltak, lagt inn kr 41.000,- i tillegg, slik at ein totalt brukar kr 71.000,- frå fondsmidlar i 2017. Ein bør avvente framlegging av rekneskapen for 2017, før ein tek stilling til kva fond ein bør bruke frå.

Driftsbudsjettet har eit tydeleg skille mellom dei såkalla forvaltingsdelene av budsjettet som primært er kommunalt finansiert og kyrkjelydsarbeidet som har andre finansieringskjelder (t.d. statleg trusopplæringstilskot og diverse gåver/innsamla midlar).

Kyrkjelydsarbeid

Når det gjeld den separate økonomien til kyrkjelydsarbeid (som har annan finansiering enn kommunalt driftstilskot, då primært statleg trusopplæringstilskot, kyrkjeofringar, gåver og eigenbetalingar) er det sett opp eit førebels budsjett for 2018 i balanse.

1. HOVUDKAPITTEL 34100-34300 KYRKJELEG FORVALTNING

1.1.0 Utgifter

1.1.1 Lønn og sosiale utgifter

Samla budsjettert utgift lønn og sosiale utgifter for 2017 er kr 2.689.700,-. Her er kostnad ved tariffoppgjeret 2017 og stipulert kostnad til mellomoppgjøret 2018 lagt inn.

1.1.2 Kjøp av varer og tenester

Relativt faste driftsutgifter som energi, graving, forsikring, m.v. utgjør i forslaget kr 964.000,-, som er vidareføring frå justert budsjett 2017.

Inkludert i denne summer er lagt inn kr 85.000,- til vedlikehaldsavtale for plenvedlikehald på gravplassane.

Det er føreslege brukt kr 175.000,- til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan 2018, oppjustert med kr 30.000,- samanlikna med økonomiplanvedtaket. Dette er likevel kr 25.000,- lågare enn opphavleg VU-plan for 2017-budsjettet.

Totalt til vare og- tenestekjøp, kr 1.139.000,-

VU-plan 2018

I økonomiplanvedtaket har ein ført opp fire tiltak til realisering i budsjettåret, samt kr 50.000,- til uføresett vedlikehald m.v., med ein totalsum på kr 145.000,-. Etter vedtaket ser ein at det er trong også for å bytte ut tre lysarmatur (flomlys) ved Askvoll kyrkje, ein har inngått avtale om tilstandsanalyse av Holmedal kyrkje og ein har kjøpt inn basshøgtalarar til Askvoll kyrkje.

Auka behov i VU-planen utgjør då om lag kr 30.000,-. Dette kan ein nytte fondsmidlar til å finansiere, om ein ønskjer å gå for tiltaka. I forslaget er ikkje aktuelle fond spesifisert, då ein vil ha betre oversyn over fonda etter at rekneskapan for 2017 er ferdig. Eit alternativ til fondsbruk kan vere reduksjon på uføresett-posten i planen.

Tiltak	Stip. utgift
Fjerne røter/stubbar på Askvoll kyrkjegard	20.000
Bytte inngangsdør på Stongfjorden kapell	20.000
Reparere skiferheller i gangvegen opp til Askvoll kyrkje	20.000
Innkjøp av messehaklar	35.000
Flomlys Askvoll	9.000
Tilstandsanalyse Holmedal kyrkje	8.000
Basshøgtalarar Askvoll kyrkje	13.000
Uføresett vedlikehald	50.000
<u>Totalt</u>	<u>175.000</u>

1.1.3 Refusjonar og overføringar

Her ligg inne:

- Overføring til investeringsrekneskapan med kr 13.000,- til eigenkapitalinnskott.
- Avsetningar av gåver og kyrkjeoffer til bunde fond for kyrkjene, stipulert kr 50.000,-.
- Refusjonar for leige av bedehuskapella med kr 60.000,-.

Totalt kr 123.000,-

I tillegg er ført ut- og inngåande meirverdiavgift.

1.2.0 Inntekter

1.2.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter

Dette vil vere ein varierende inntektskategori, særleg ut frå varierende tal festefornying. Det er registrert ca. 100 festeutløp i 2017, med tilbod om fornying i 2018, men arbeidet arbeidet med å reetablere eldre avtalar held fram. Stipulert tal nye/gjenopptekne festeavtalar for 2018 er i forslaget sett til ca. 50 stk.

Samla stipulat for festeavgift i 2018 vert sett til kr 120.000,- (reduisert, samanlikna med opphavleg budsjettsum frå 2017).

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, stipulert til kr 12.000,-.

Vidare er det stipulert kr 3.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Total inntekt er sett til kr 135.000,-.

1.2.2 Refusjonar og overføringar

Refusjon frå Askvoll kulturskule fell bort, i og med at ein frå rekneskapsåret 2018 ikkje lenger tilbyr musikarteneste til kulturskulen.

1.2.3 Rammetilskot eigen kommune

Her er lagt inn tilskotssum som ligg i kommunens budsjettvedtak, kr 3.639.000,-

1.2.4 Andre tilskot og gåver

Stipulert kr 50.000,- i gåver og offerinntekter til kyrkjene (oppjusterte etter seinare erfaringstal).

1.2.5 Interne overføringar og bruk av fond

Kr 30.000,- er føreslege brukt av fond for å finansiere fleire tiltak i VU-planen og ytterlegare kr 41.000,- for å balansere budsjettet. Ein bør vente til etter at rekneskapsåret 2017 er ferdig, med å spesifisere fondsbruken.

Elles er det lagt inn kr 57.000,- i intern overføring (frå statleg trusopplæringstilskot) for finansiering av 10% stillingsdel i administrasjonen til administrasjon av trusopplæringsarbeidet.

HOVUDOPPSETT FORVALTNING

Lønn og sosiale utgifter	2689700
Vare og tenestekjøp utanfor variabel VU-plan	964000
Vedlikehalds- og utviklingsplan	175000
Refusjonar og overføringar	123000
	<u>3951700</u>
Brukarbetaling, sal, avgifter	-135000
Rammetilskot, eigen kommune	-3639000
Andre tilskot og gåver	-50000
Interne overføringar	-57000
Bruk av fond	-71000
	<u>-3952000</u>
Differanse	-300

2 Hovudskapittel 04400- Anna kyrkjeleg verksemd

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil primært verte finansierast ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukarbetalingar/eigenandelar.

I samsvar med tidlegare praksis er det i desse kapitla budsjettert i balanse.

2.1. Generelt kyrkjelydsarbeid

Her ligg kyrkjeofringar og generelt kyrkjelydsarbeid. Budsjettala i forslaget her bygger på tidlegare erfaringstal.

2.2 Trusopplæring

Her er lagt inn budsjettsummar med ei stillingsutlysing på våren og ei føresetnad at ein får tilsetting i vakant stilling frå august månad.

Vidare er det lagt inn inntrekk i statstilskotet i 2. termin (for 2. halvår), grunna vakansen i nær heile 2017.

Internt overført kr 57.000,- til funksjon 04100 (kyrkjeleg administrasjon) for sekretæroppgåver knytt til trusopplæringa .

2.3 Kyrkjelydsblad

Budsjettert med tre utgåver av kyrkjebladet også i 2018, finansiert av bladpengar, kyrkjeofringar og annonsesal.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek investeringsbudsjett og driftsbudsjett (med vedlikehalds- og utviklingsplan) 2018 som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek investeringsbudsjett og driftsbudsjett (med vedlikehalds- og utviklingsplan) 2018 som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.